

## Sakspapir

<b>Saksbehandlar</b>	<b>Arkiv</b>	<b>ArkivsakID</b>
Anne Kristin Rafoss	FE - 010	15/715

<b>Saknr</b>	<b>Utval</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>
097/2015	Kommunestyret	PS	29.10.2015

### Val av varaordførar for valbolken 2015 - 2019

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

..... vert valt til varaordførar for valbolken 2015 – 2019.

#### Saksopplysningar:

##### Bakgrunn

Val av varaordførar vert regulert av kommunelova §§ 9 og 38, jf § 35 nr 3. Kommunestyret vel sjølv ordførar og varaordførar i det konstituerande møte, jf kommunelova § 17 nr 2.

##### Fakta

Ordførar og varaordførar skal veljast for heile valbolken. Det er ikkje lov at to kandidatar deler på vervet med ein toårsperiode på kvar.

Valbare til verva som ordførar og varaordførar er dei faste medlemmene av formannskapet.

Den som skal veljast etter berre éi røysting, må ha fleirtal. Blanke røyster skal óg reknast med når ein skal avgjere om fleirtalskravet er oppfylt. Dersom ingen får tilstrekkeleg røystetal, må det haldast ei ny røysting i same møte (det konstituerande møtet). Ved andre gongs røysting er den som får enkelt fleirtal, vald.

#### Konklusjon

#### Kommunestyret - 097/2015

##### KS - behandling:

Ordførar orienterte kort og spurte om det var framlegg til varaordførar for valbolken 2015 - 2019. Arthur Sjursen (Ap) sette fram forslag om Torill Torsvik Størkersen som varaordførar for valbolken 2015 - 2019. Det vart ikkje fremja andre framlegg til varaordførar. Det vart delt ut røystesetlar.

##### Røysting:

Oppteljinga viste 16 røystesetlar for framlegget frå Ap

**KS - vedtak:**

**Torill Torsvik Størkersen vert valt til varaordførar for valbolken 2015 – 2019.**